

TRAUDALEN.

LANDSKAP

Tilkomstsona

Skogsbilveg (ca 1,5 km frå riksvegen) langs vakkert elvelandskap. Området er prega av aktivt skogbruk i nedre delen. Parkeringsplassen er fint opparbeidd og godt skjerma frå vatnet i sør og Ryggjastøylen rett i nord. Frå denne store støylen er det flott utsikt over Fjorden og tettstaden Sandane.



Bilde 1: Før ein kjem opp til Traudalen passerer ein Ryggjastøylen som ligg med fin utsikt mot Gloppefjorden.

Stølssona

Traudalen er svært frodig med lauvkledde dalsider ned mot vatnet.

Mykje storvokst bjørk i lia innover mot Berdalselva.

Ved utløpet av vatnet ligg det ei flott naustrekke, elles dominerer vatnet og den frodige vegetasjonen landskapsbildet. Dalrommet er delt i to slik at støylen i sørenden av vatnet ikkje er synleg frå tilkomstside i nord.



Bilde 2: Nausta er bygde med hems der ein kan overnatte. Bygningane er godt tilpassa terrenget i form, plassering og materialbruk. Frodige omgjevnader.



Bilde 3: Traudalselva slepp seg ut frå vatnet like ved naustrekka.



Bilde 4: Traudalsvatnet sett frå naustrekka. I sørenden av vatnet ligg støylen Dalen, og det er merka tursti innover langs vatnet og vidare til Gjengedalstøylen.

NÆRINGSINTERESSER OG ANDRE BRUKARINTERESSER

Landbruk

Det er ikkje stølsdrift på stølane.

Det vert satsa på sal av fiskekort og båtutleige basert på sjølvbetjening frå nausta.

Friluftsliv

Traudalen er ein av hovudinnfallsportane til fjellområdet. Det går merka sti på begge sider av vatnet via støylen Dalen i enden av Traudalsvatnet og vidare over til Gjengedalstøylen. Sal av fiskekort og båtutleige basert på sjølvbetjening frå nausta.

INNSPEL FRÅ GRUNNEIGARANE

Ynskjer at LVO ikkje vil hindre planlagt traktorveg i lisona nordvest for vatnet

MERKNADER

Traudalen har eit svært frodig naturskjønt preg. Naustrekka i enden ligg idyllisk til ved utløpet av Traudalsvatnet. Her bør ein vere svært forsiktig med tiltak som endrar landskapsbildet. Planlagt hyttefelt aust for vatnet kan skjermast mot eksponering mot vatnet ved bruk av terreng og eksisterande vegetasjon. Når det gjeld planlagt traktorveg er denne planlagd slik i terrenget at tiltaket truleg ikkje vil vere synleg frå vatnet, og ein slik enkel traktorveg kan aksepteras i eit LVO. Men snauhogst av store samanhengande flater og treslagskifte vil i større grad vere inngrep som vil endre landskapsbildet.

Grensa for eit LVO bør trekkast slik at heile dalrommet vert liggjande innanfor, med både naustrekka og osen. Men det godkjende hyttefeltet i kommunedelplanen bør liggje utanfor LVO. Dersom grensa vert trekt lenger inn kan grensa trekkast mellom dei to dalromma, dvs der vatnet er smalast. Men fremste del av Traudalsvatnet bør då sikrast mot inngrep som skiplar dette landskapet gjennom streng arealstyring etter plan- og bygningslova.